



MØTEBOK

Møte: 2-2017
Møtedato: Onsdag 19.04.2017
Møtestad: Formannskapssalen,
Rådhuset
Tid: 19.00

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Sammy Olsen, Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Elin Taranger, Solfrid Lønning, og Trygve Leigland.

Elisabeth Bjørnevik kunne ikkje møte, og heller ikkje 1. eller 2. vara frå Lykling.

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

2017-02-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 1 – 2017 vart godkjent.

2017-02-02 MELDINGAR OG SKRIV

- Orientering om stabssituasjonen.
 - Kristina Halleraker Pettersen er komme inn som sekretær i 60% stilling, og gjer ein kjempejobb. Festeavgiftene for 2017 er på veg til å bli sendt ut. I overkant av 700 stk.
- Luther med latter gjekk i underskot på ca. 15 000 som vert fordelt på dei ulike sokneråda.

Billettinntekter	30 750
Sum utgifter kulturhus	-16 635
Sum utgifter Ryfylke Livsgnist	-29 000
Underskot	-14 885
Del av underskot Bremnes sokneråd (50%)	-7 442
Del av underskot Moster sokneråd (25%)	-3 721
Del av underskot Bømlo sokneråd (15%)	-2 232
Del av underskot Lykling sokneråd (10%)	-1 488

- Reservasjon av grav. Vart drøfta litt i forhold til praksis på fakturering av reservert grav etter at den reserverte grava er teke i bruk.
 - Spørsmålet er om den reserverte grava skal ha 30 år fri bruk når den vert teke i bruk, eller om (ny) festar skal betale på denne grava vidare etter at den er teke i bruk.
 - Var einige om å lage sak på dette til eit seinare møte.

2017-02-03 ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP

Vart drøfta ein del om oppsettet av årsmeldinga og årsrekneskapen. Det er ein del justeringar som kan gjerast når det gjeld kvar informasjonen kjem. Mykje av informasjonen i innleiinga i årsrekneskapen høyrer ikkje heime der, men høyrer heime i årsmeldinga. Informasjon av hovudtalla kan komme i innleiinga i årsrekneskapen og ikkje informasjon om aktiviteten.

I årsmeldinga kunne ein teke med enda meir informasjon om korleis ein ligg ann i forhold til utrulling av trusopplæringstiltaka i kyrkjene på Bømlø. Til årsmeldinga kan også kantorar og trusopplærarar bli utfordra på å skrive noko om aktiviteten i kyrkjene knytt til sine fagfelt.

Det vart også stilt eit spørsmål til historisk investeringstall knytt til rehabilitering av Bremnes kyrkje. Dette vart ført utanom fellesrådet sitt rekneskap.

Tross nemnde evalueringspunkt gjorde fellesrådet følgjande vedtak:

- 1. Fellesrådet godkjenner årsrekneskapet for 2016**
- 2. Fellesrådet godkjenner årsrapporten for 2016.**

2017-02-04 REVISJON AV UMLEIGEREGLEMENTER OG PRAKSIS

Vedtak:

- 1. Fellesrådet gir foreløpig tilslutning til «Utleigereglement til tilhøyranse prosedyre for søknadsgodkjenning og arrangementoppgjær» med presiseringar.**
- 2. Fellesrådet gir foreløpig tilslutning til «Forslag til søknadsmal» med presiseringar.**
- 3. Fellesrådet gir foreløpig tilslutning til «Leigekontrakt og arrangementskjema»**
- 4. Alle reglement, malar og skjema sendes til sokneråda for godkjenning før endeleg vedtak i fellesrådet.**
- 5. Forslag til delegeringsreglar med avgrensing for kyrkjeverje og formann i sokneråda vert utforma av kyrkjeverje med uttale frå sokneråda.**

Presisering i utleigereglementet:

- Paragraf som seier noko om justering av prisar i forhold til prisindeks.

Presisering i søknadsskjema:

- Fjerne underskrift/godkjenning frå prest.

2017-02-05 SØKNAD OM SPESIELT GRAVMINNE PÅ VORLAND NYE GRAVPLASS

Vedtak:

- 1. Lars Lønning får innvilga sin søknad om å setje opp spesielt gravminne mot at det vert skriven skriftleg avtale på handtering og montering.**
- 2. Total lengde frå bakkant av stein til framkant av bed kan skal ikkje overstige 60 cm.**
- 3. Kyrkjeverje skal godkjenne fundamentet til gravminnet.**

2017-02-06 **INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2017**

Vedtak:

Ingen nye investeringsmidlar for 2017. Gjenværande midlar (474.000) frå 2016 skal nyttast slik:

1. Kr 20.000: Ferdigstilling av parkeringsområdet rundt Lykling kyrkje
2. Kr 350.000: Utbetring av fasilitetane på Lykling kyrkjegard. Tidlegare: Vasspost på Lykling gravplass og oppgradering av toalett/servicebygg.
3. Kr 100.000: Rullering av gravferdsplanen

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje